

Rovviltnemnda 12/3 2019:

Årsmøte i OSG 23/2 gav organisasjonen nye ansikt både i lederverv og rovviltverv

Ny leder: Knut Evensen, Fåvang, dyktig organisasjonsmann, og kjent som sekretær og mannen bak det beste lokallaget i Oppland: Fåvang Sau og Geit

Ny rovviltansvarleg: Jonny Mathisen, Kvam, og allerede svært kjent i kretsen rundt rovviltarbeid frå før, eg nemner Norske Kadaverhunder og fleire tapsprosjekt på sau/lam rundt om i landet og i Oppland og rovviltansvarleg og koordinator i Nord-Fron

Sekretæren, Pål Kjørstad ,vil fortsetja og vil kanskje i større grad enn dei siste åra bli medverkande i slike saker, men Jonny Mathisen vil i utgangspunktet møte i nemnda.

Oppland Sau og Geit vil prøve å vidareføre engasjementet og utvikla rovviltarbeidet sitt både med betre fagleg kvalitet og kvantitet. Vi håper at dette vil auka moglegheita for at beitebrukarane kan og vil bruka beiteretten sin. Organisasjonen styrkar dette arbeidet med eit godt samansett og inkluderande styre og aktivt rovviltutvalg med medlemmar frå alle regionar i Oppland. Vi vil fortsetja med den gode dialogen og samarbeidet med rovviltnemnda og FM og stå på for at Opplandsmodellen vert vidareført inn i den nye tida, inkludert SMS-varslingane vi er redde vert borte.

- Vi ser generelt at det er ei stor utfordring for fleire og fleire beitebrukarar å oppnå full erstatning utover normaltapet, som vi meiner i seg sjølv er for høgt i mange områder.
- Det er i 2018 erstatta 55,7 % av dyr som er tapt på beite og søkt om erstatning for. Beitebrukarane er pålagt ei umogleg oppgåve med å finna nok kadaver som er dokumenterbare, noko som tapsprosjekta våre med radiobjøller på lam klart viser.
- OSG vil jobbe for at det vert gjeve full erstatning i forhold til rovviltskadar til medlemmane våre der ingen anna årsak er påvist.
- OSG ønskjer og krev at rovviltnemndene, slik dei fungerer i dag, må fortsetja, da dei er det einaste forvaltningsleddet som tek den tosidige målsetjinga på alvor. Men vi vil krevja ein større innsats frå døkk til å ta ut restkvota når ikkje lisensjakta på jerv fører til at kvota vert teke ut.
- OSG krev at sonene vert respektert slik Stortinget har vedteke med ei «tydelegare soneforvaltning». Dette betyr i praksis at rovdyr i reine beiteprioriterte områder skal takast ut. Bjørn og ulv i Oppland skal takast ut, og dei skal fortrinnsvis takast ut i forkant av beitesesongen. Her må det krevjast at rovviltnemnda krev skadefellingsløyve ved observasjonar.
- Restkvota av jerv skal prioriteras og takast ut i beiteprioriterte område. Dersom det skal takast ut jerv i sona skal områder med størst skade sommaren før prioriteras.
- Vi er svært skuffa over forvaltninga av gaupe i forhold til kvote og område. Her burde kvota vore sett høgare og beiteprioritert sone og ei sone rundt Sør-Aurdal vore prioritert til uttak.
- OSG vil arbeida for at forvaltning av ørn vert ei moglegheit.
- OSG vil arbeida for at FKT-potten skal auka og i størst mogleg grad koma beitebrukarane til gode. I denne samanhengen vil vi nå introdusera eit nytt hjelpemiddel som kan styrka både, tilsyn, sanking, skadefelling, beredskap og bestandsregistrering, bruk av avansert drone med varmesøkande kamera, vanleg kamera med zoom, nattflyving, stort rekkevidde og GPS.